

# NYHETSREV

## For medlemsbedrifter i Finnøy Næringsforening

### April 2013

#### Nytt styre i Finnøy Næringsforening

Årsmøte i Finnøy Næringsforening valte 7. mars nytt styre for foreninga. Det nye styret konstituerte seg i styremøte 23. april, og er sett saman av følgjande personar:

**Leiar:** Siv H. Flesjå

**Nestleiar:** Lars Martin Hetland

**Styremedlem:** Leif Arild Steen, Reidar Roda, Geir Landsnes. **Vara:** Frode Hesby og Eva Bringeland.

Kommunen sin representant er Erling Eggebø med vara Berit Hopland.



Styret jobba i første styremøte ut viktige tiltak knytt til ein handlingsplan for Finnøy Næringsforening i den neste styreperioden. Handlingsplanen vil bli lagt ut på ny nettstad som er under utarbeiding. Vi kjem tilbake når denne er på plass. Ei av jobbesakene styret no tek tak i er å få medlemsverksemd meir aktive til å melde inn saker til styret. Dette gjeld også i kommunikasjon med Finnøy kommune kor styret no har oppnemnd ein

kontaktperson mellom kommunen og styret. Funksjonen til denne kontaktpersonen er tenkt for « å tale med ein tunge» frå styret og medlemsverksemd i saker som gjeld næringslivet. Eit døme på dette er saka om næringsareal på Ladstein, som no styret etterlyser informasjon om når det gjeld status og framdrift. Her vil vi no ta kontakt for og høyre kva som skjer og ikkje skjer i denne saka, for så å bringe dette vidare til dykk.

Vi oppmodar dykk til å ta kontakt om det er saker styret skal handsame, eller det er saker som opptek dykk og vi skal bringe vidare. Ta kontakt med leiar **Siv. H. Flesjå** som bring saka vidare og koordinerer arbeidet.

#### Styremøte i 2013:

28. mai, 18. juni, 27. august, 24. september, 26. november.

#### *Bruk næringsforeninga aktivt!*



#### Revidering av kommuneplan.

Styret jobbar med innspel til samfunnsdelen i kommuneplanen som er under revidering. Fleire av dykk var på samlinga kommunen inviterte til for næringslivet tidlegare i april i samband med denne saka. Det er viktig at

Styret: Siv Flesjå (leiar), Lars Martin Hetland (nestleiar), Leif Arild Steen, Geir Landsnes, Reidar Joa, Frode Hesby (1. vara), Eva Bringeland (2. vara) Sekretær: Heidi Skifjell i Ryfylke Næringshage. Kommunen sin repr.: Erling Eggebø (SP)

næringslivet gjer innspel til arbeidet. I planprogrammet som er utarbeid, peikar dokumentet på spørsmål fram mot 2026 som vil vere sentrale for kommunen:

*Kva strategiar kan ha størst effekt for å ta vare på og styrkja grunnlaget for at landbruksnæringa og andre primærnæringar i Finnøy kommune også i framtida skal vera livskraftige, utviklingsorienterte og berekraftige.*

*Kva vil vera viktig for og understøtta anna eksisterande næringsverksemd enn primærnæringane- og skapa ny næring med fleire lokale arbeidsplassar? Kva med Finnøy kommune si rolle som næringsaktør, i samhandling med lokalt næringsliv?*

- Lederskolen IV. Hvordan ta bedre beslutninger.
- Lederskolen i gode tider
- Hvordan jobbe smartare



**Påfyll av kompetanse er en viktig sak å ta omsyn til i styrking av verksemda.**

Innspel til kommuneplanen kan gå via næringsforeninga, eller meldast direkte til Finnøy kommune.

På [www.finnoy-kommune.no](http://www.finnoy-kommune.no) er det lagt ut eit bilete som heiter « Finnøy 2026» Her kan du klikke og leggje inn kommentar direkte.

## Møteplass Næringsforeningen i Stavanger-regionen

Finnøy Næringsforening og fleire av næringsverksemdene våre har medlemskap i Næringsforeningen i Stavanger- regionen.

<http://www.rosenkilden.no/> annonserar fleire gode og viktige møteplassar for kurs, nettverk og kompetansetilbod. Gå inn på linken over og vidare til møtekalenderen. Av ting som skjer no i vår kan nemnast, sitat:

- Treffpunkt Ryfylke med Arne Brimi. (Her deltek også våre eigne verksemdar som Ryfylke Livsgnist, Jan Terje Vignes og Frode Selvåg)

Styret: Siv Flesjø (leiar), Lars Martin Hetland (nestleiar), Leif Arild Steen, Geir Landsnes, Reidar Joa, Frode Hesby (1. vara), Eva Bringeland (2. vara) Sekretær: Heidi Skifjell i Ryfylke Næringshage. Kommunen sin repr.: Erling Eggebø (SP)

### Utdannings kompetansefond

Vi minner om at Finnøy Næringsforening har øyremerka midlar til kurs, -og kompetanse som medlemsbedrifter kan søkje på. Ta kontakt med Heidi Skifjell på telefon 975 02 974 for nærmare informasjon, eller søk på midlane direkte. Søknad kan sendast til: [fnhage@finnoy.com](mailto:fnhage@finnoy.com)

Finnøy Næringsforening kan gje støtte på inntil kr. 4000,-

Helsing Styret.

